



Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse

Årsmelding 2011 frå styret

Til handsaming på SKUP sitt årsmøte 23. mars 2012

Visjon og målsetting

SKUP skal vera sentral i utviklinga av den undersøkende journalistikken og ein synleg aktør i den journalistfaglege debatten i Noreg.

Stiftinga sitt arbeid er nedfelt i handlingsplanen, og skal til ei kvar til stå i høve til stiftinga sin økonomi. Handlingsplanen er eit styringsdokument. Det er årsmøtet som rettleiar styret i kva ein bør prioritere. SKUP skal framleis vera ei stifting, og hovudoppgåva er å arrangere ein årleg journalistfagleg konferanse med fokus på undersøkende, journalistisk metode.

SKUP-familien

SKUP har vore gjennom ei stor utvikling både med omsyn til profesjonalitet, kvalitet og økonomiske rammer sidan den fyrste konferansen i 1990. Sommaren 2009 fekk stiftinga sin fyrste heltidstilsette.

Alle dei styrande organa i SKUP er basert på friviljug og ubetalt innsats. Dei valte organa er styret, rådet, kontrollkomiteen og valkomiteen.

SKUP-styret

SKUP-styret består av 15 personar. Styret si hovudoppgåve er å planlegge, organisere og avvikle SKUP-konferansen, drifte og vera talspersonar for stiftinga. Styret blir valt av årsmøtet etter innstilling frå valkomiteen.

På årsmøtet i 2011 var desse innvalt:

Leiar Heidi Molstad Andresen (Dagbladet, i permisjon frå 15.nov 2011), nestleiar Jan Gunnar Furuly (Aftenposten), økonomiansvarleg Bjørn Olav Nordahl (Vårt Land, seinare NRK Østafjells), Gøril Engesvik (Trønder-Avisa), Ina Gundersen (Stavanger Aftenblad), Tarjei Leer-Salvesen (ny, Fædrelandsvennen, seinare NRK Brennpunkt), Ola Haram (ny, Frilans/Novemberfilm), Christina Pletten (ny, Bergens Tidende), Jens Christian Nørve (TV 2), Anette Musdalslien (ny, Gudbrandsdølen/Dagningen, seinare

Klassekampen), Marit Higræff (ny, NRK), Lillian Vambheim (Dagens Næringsliv), Grete Holstad (Adresseavisen), Merete Crowe (Ny, VG).

Ved ein inkurie innstilte valkomiteén berre 14 styremedlemmer til val på årsmøtet i 2011. Fyrst etter konferansen vart det oppdaga at samansetninga av styret ikkje var i samsvar med stiftinga sine vedtekter. Det tidlegare styremedlemmet Eirik Veum (NRK) vart då lagt fram som kandidat overfor SKUPs Råd av styreleiar Molstad Andresen før det nye styret hadde hatt sitt fyrste møte. Rådet heldt suppleringsval og valte inn Eirik Veum. Han deltok frå det fyrste styremøtet, der det vart orientert om kva som hadde skjedd.

Bjørn Olav Nordahl og Grete Holstad trekte seg frå styret i oktober. SKUPs Råd supplerte styret ved å velje Odd Isungset (frilansar, seinare NRK Brennpunkt) og Maren Sæbø (Verdensmagasinet X) som nye styremedlemmer, etter innstilling frå styret.

Styret har hatt 12 møte i 2011, inkludert ei helgesamling i Tønsberg. Det er to møter mindre enn i 2010. Tre av møta har vore heildagsmøte. Kveldsmøta har vore lokalisert i Dagbladet og i Aftenposten, heildagsmøta hjå NRK på Marienlyst.

Deltakinga på styremøta har i snitt vore på rundt 70 prosent. Turnusarbeid, familiesituasjon og arbeidsrelaterte reiser er årsaka til det meste av fråfallet. Det er viktig at styret er så komplett som mogeleg på møta, men i ein hektisk kvardag vil det vera så godt som uråd at alle har høve til å stille på samlege møte. Styret minnar om at det er viktig at valkomiteen førebur både styremedlem og arbeidsgjevarane deira på kor omfattande styrearbeidet i SKUP er. Utover oppmøte på styremøta, krev vervet også ein stor arbeidsinnsats mellom styremøta. Styremøta er i hovudsak nytta til handsaming av formaliasaker, idedrodding og planlegging. Svært mykje av det praktiske arbeidet med konferansen blir gjort mellom møta.

Dei seinare åra har SKUP-styret redusert talet på møte. Ved å erstatte kveldsmøte med heildagsmøte, blir det meir tid til diskusjonar om programarbeid og konferanseplanlegging. Kveldsmøta har såleis vore meir nytta til formaliasaker.

Styret har i årsmøteperioda hatt seks styremedlem med lang reiseveg: Gøril Engesvik og Grete Holstad frå Trøndelag, Christina Pletten frå Bergen, Ina Gundersen frå Stavanger, Anette Musdalslien frå Lillehammer/Trondheim og Tarjei Leer-Salvesen frå Kristiansand. SKUP skuldar Trønderavisa, Adresseavisen, Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad, Fædrelandsvennen/NRK og Gudbrandsdølen Dagingen/Klassekampen ein ekstra stor takk for at dei

dekker reisekostnadar og gjev permisjon til deltaking på styremøte.

Ein stor takk også til Dagbladet, som har synt forståing for Heidi Molstad Andresen sitt tidkrevjande leiarverv fram til ho gjekk ut i permisjon i november. Takk også til Aftenposten for nestleiar Jan Gunnar Furuly sitt viktige bidrag til stiftinga. SKUP er heilt avhengig av denne velvilja frå arbeidsgjevarane.

SKUP sitt råd

Rådet skal, på styret sitt initiativ, vera eit rådgjevande organ for styret. Rådet er SKUP sine ambassadørar og skal arbeide til beste for SKUP.

Årsmøtet 2011 valte desse til SKUP sitt råd:

Leiar Trond Idås (NJ), nestleiar Grethe Gynnild Johnsen (NRK), Astrid Aure (KK), Une Bratberg (Vårt Land), Håkon Haugsbø (NRK), Arne Jensen (NR), Frode Rekve (IJ), Harald Stanghelle (Aftenposten), Helje Solberg (VG).
Varamedlem: Ståle Hansen (NRK), Maren Sæbø (Verdensmagasinet X).

Sæbø gjekk ut av rådet då ho vart valt inn som medlem i styret i november.

Rådet har hatt to eigne møte, og vore invitert på to styremøte og juleavslutning. I tillegg har rådet handsama fleire saker på epost.

Kontrollkomiteen

Kontrollkomiteen skal drive etterkontroll av styret sitt arbeid sett i høve til SKUP sine vedtekter og statuttar generelt, og forvaltninga av stiftinga sin økonomi spesielt.

Årsmøtet valte desse til kontrollkomiteen:

Kjetil Stormark, Dalane Tidene/frilans (leiar)
Ingvild Rugland, Bergens Tidende
Trond Sundnes, Dagens Næringsliv

Kontrollkomiteen har fått oversendt styre sine dokument og referat etter at dei har vore handsama av styret. Kontrollkomiteen etterlyser betre flyt i desse oversendingane. Sekretariatsleiar Jens Egil Heftøy og styremedlem Lillian Vambheim har delteke på eitt møte med komiteen. Komiteen har bede om og fått oversendt alle dokument i høve handsaminga av lokaliseringsdebatten og vedtekts/stemmerettsaka.

Valkomiteen

Valkomiteen si oppgåve er å rekruttere nye medlem til styret, råd og kontrollkomité, samt å informere nye medlem og deira arbeidsgjevarar om kva vervet krev av tid og pengar.

Årsmøtet 2011 valte Renie K. Thorleifsson, Kåre M. Hansen og André Verløy til valkomité. I løpet av årsmøteperioda har Hansen og Verløy gått over i nye jobbar som ikkje er foreineleg med verv i stiftinga. SKUP-styret oppnevnte på sitt møte i desember Eva Grinde og Odd Myklebust til nye medlem av valkomiteen. Gry Nordvik vart valt til varamedlem.

SKUP- juryen

SKUP-juryen har til oppgåve å bedømme dei innmeldte kandidatane til SKUP-prisen. Juryen blir utpeikt av styret. SKUP-juryen 2011 har bestått av leiar Thor Woje (Romerikes Blad), Svein Brurås (Høgskulen i Volda), Egil Sundvor (NRK), Line Noer Borrevik (Stavanger Aftenblad), Anne Hovden (Bergens Tidende), Tor Strand (ABC Nyheter) og Arve Bartnes (db.no)

Styret er svært takksame for den omfattande og tidkrevjande jobben juryen har lagt ned i vurderinga av dei 50 prosjekta som vart meldt inn i kampen om SKUP-prisen 2011.

Sekretariatet

Jens Egil Heftøy vart tilsett sekretariatsleiar i eit toårig åremål i full stilling i august 2009. Årsmøtet 2011 vedtok å oppretthalde heiltidsstillinga i sekretariatet etter at åremålet gjekk ut. Då styreleiar bad om ei juridisk vurdering av stillinga, syntet det seg at stillinga i SKUP aldri har fylt krava til åremål. Styret vedtok difor å gjere om stillinga til fast stilling i august 2011.

SKUP-sekretariatet ved Jens Egil Heftøy har fylt svært viktige oppgåver med førebuing av saksdokument til styremøte, oppsummeringar og referat, saksutgreiingar, koordinering av styret sitt arbeid, rekneskap og dagleg kontroll med økonomien og stiftinga sitt verke. Det er heilt avgjerande at det friviljuge styret blir avlasta frå administrativt arbeid for å kunne oppretthalde dei kvalitetsmessige krava til den årlege konferansen.

SKUP leiger kontor til sekretariatsleiaren hjå Norsk Journalistlag.

Det er styret ved styreleiar som er sekretariatsleiaren sin arbeidsgjevar. Styreleiar og sekretariatsleiar har hatt regelmessige arbeidsmøte og mykje kontakt på telefon og epost. Det er også gjennomført medarbeidersamtalar.

Etter årsmøtet i 2011 vart det innført registrering av timelister for å få oversikt over omfanget av dei ulike arbeidsoppgåvene knytt til stillinga. Oversikta for 2011 syner at om lag 20 prosent av stillinga går med til rekneskap og økonomi, 40 prosent er knytt til førebuingar, utgreiingar og gjennomføring av styremøte, 10 prosent til evaluering og nettarbeid, og dei resterande 30 prosentane går med til

anna administrativt arbeid, søknadsskriving, oppfølging av programpunkt til konferansen, dialog med samarbeidspartnarar osb.

Styreleiar og sekretariatsleiar har i løpet av året også innført nye registreringsrutinar med omsyn til å følgje opp krava arbeidsmiljølova stiller. Sekretariatsleiar samlar all naudsynt dokumentasjon i ei eiga HMS-mappe. Etter tilråding frå revisor er det også innført rutine på at styreleiar signerer sekretariatsleiaren sine lønsutbetalingar kvar månad.

SKUP 2011

674 personar deltok på konferansen i 2011. Det er den største deltakartalet i SKUP si historie. Av dei 674 var 565 betalande deltakarar, medan dei øvreste var førelesarar, inviterte gjester og stab. Konferansen 2011 hadde 22 utanlandske førelesarar.

Konferansen i 2011 hadde eit breitt nordisk spor. SKUP søkte og fekk 30.000 kroner i økonomisk støtte frå Nordisk Journalistcenter i Århus. Støtta vart nytta dels til førelesarar frå nordiske land og dels som reisestøtte for nordiske deltakarar. SKUP ynskjer å vidareføre ordninga med nordisk reisestøtte.

Det høge deltakartalet på konferansen i 2011 skapte utfordringar, både med omsyn til innkvartering og bordsete under gallamiddagen laurdag kveld. For fyrste gong tilbød me difor bordsete i eit tilstøytande rom med direkteoverføring på video for dei som meldte seg på konferansen etter at den var fullteikna. Fleire syntes dette var eit godt tilbod, men det kom også nokre reaksjonar. Summasummarum meiner styret det er best å setje tak på deltakartalet utfrå kor mange det er mogeleg å sete i hovudsalen laurdagen.

SKUP-konferansen i 2011 var også den største i historia med omsyn til omfang av seminar. I alt baud konferansen på 75 seminar og 99 førelesarar og paneldeltakarar.

Hovudspora for 2011 var «Nordisk», «Overvåkning og kildebeskyttelse», «Storytelling», «Fremtidens gravejournalistikk» og «Foran kommunevalget». Konferansen heldt også fram med «Kunnskapsløftet» og talet på datakurs vart dobla frå tidlegare år. Nytt av året var at Pressens Faglige Utvalg la eit av sine møte til konferansehelga. Deltakarane kunne med det følgje utvalet si sakshandsaming ringside.

Også i 2011 var Anne Lindmo programleiar for fredagsshowet «Late Night Show». Blant gjestane var Åsne Seierstad, Flemming Rose, Oline Hesselberg og Per-Yngve Monsen.

Flemming Rose og IDF si talskvinne Avital Leibovich si deltaking på konferansen sette strenge krav til sikkerheit på hotellet. Leinga var i løpande dialog med PST og lokalt politi, og kosta også naudsynte sikkerheitstiltak for eiga rekning under konferansen for å trygge gjestene.

Samarbeidet med tekniskar Alexander Ziegler og staben hans vart vidareført også i fjor. Konferansen har høg teknisk kvalitet. SKUP vil også rette ein stor takk til Cecilie Rego og Geir Pettersen frå NRK for den viktige regihjelpa dei bistår med i samband med avvikling av kveldsprogramma.

Prismiddagen starta opp med danseshow på video, der mange av landets redaksjonar synte nye og imponerande takter etter låta "Glow". Leiar Heidi Molstad Andresen var toastmaster under middagen, og Markus Gaupås Johansen og Sturle Pedersen frå satiregruppa 5080.no sto ansvarleg for underhaldninga. Forutan utdeling av SKUP-prisen vart det også markert at Østlands-Posten hadde fått tildelt SKUP og Tore Sandbergs graveteam.

Internasjonal Reporter sin pris for framifrå utanriksjournalistikk vart utdelt i samband med opningsseminaret fredag.

Etter middagen spelte Skedsmo Storband til dans. For å betre logistikken vart band og dansegolv flytta frå Oseberg til restauranten. Slik kunne deltakarane gå rett frå middag til dansegolvet, utan å måtte vente på omrigg.

Også i år er det gode tilbakemeldingar på konferansen frå deltakarane. 70 prosent gjev karakteren fem eller seks. Det er tre prosentpoeng høgare enn konferansen i 2010. Heile 95,7 prosent gav karakterar over fire. Slik respons gjer SKUP-styret både stolte og audmjuke. SKUP-konferansens sin posisjon er unik i verds målestokk.

SKUP-prisen

SKUP-prisen 2011 gjekk til Steinar Figved, Robin Idland Krüger og Asbjørn Øyhovden fra TV 2 for reportasjeserien «Eldrebløffen». Figved, Krüger og Øyhovden avslørte mangelen på sjukeheimplassar i Norge og spriket mellom regjeringa sin planlagte utbygging av sjukeheim og det faktiske talet på nye plassar.

Juryen skriv: «Et enkelt case om Hjørdis på 85 som sto i sykehjemskø, ble til en stor avsløring av køer kommunene har ønsket å skjule og som derfor var ukjente for lokalbefolkning og sentrale myndigheter. Det bildet som er skapt av eldresektoren i den politiske debatten, viste seg ikke å stemme. Metodebruken i prosjektet har blitt til på veien. Hindringer førte til utvikling av nye metoder eller at gamle metoder måtte brukes på nye måter. Prosjektet preges av

systematikk, troverdighet og god kildekritisk håndtering. Journalistenes arbeid framstår som en god veiviser gjennom kommunale, kronglete korridorer, og som et særdeles godt eksempel på faktasøkende journalistikk i et politisk landskap preget av tilsløringer», heter det i begrunnelsen for saken.

SKUP-diplom

Diploma i 2011 gjekk til «Ambassadesaken» av Jens Christian Nørve og Asbjørn Olsen (TV 2), «Ungbosaken» og «Jarlsøsaken» av Kristin Monstad Lund, Jon Cato Landsverk og Vegard Vatn (Tønsbergs Blad), «De visste, men tiet» av Thomas Ergo (Dagbladet), «Thule Drilling og Anders-Ivar Olsen» av Kjetil Sæter (Finansavisen og Dagens Næringsliv).

«Siste SKUP»

Konferanseavisa «Siste SKUP» er eit gjennomarbeida produkt og ein viktig del av konferanseopplevinga. Redaktør Mari Torsdotter Hauge og redaksjonssjef Ingrid Hvidsten leia saman eit solid lag av journaliststudentar. Redaksjonen hadde også ansvaret for drift av nettsidene under konferansen, og bisto sekretariatet og styret med praktiske gjeremål. Heidi Molstad Andresen var ansvarleg redaktør.

Sekretariatsleiar har innehenta tilbod og vurdert alternative leverandørar til SKUP sin nettstad. Flytting til ny plattform vil vera svært kostnadskrevjande, og SKUP vil ikkje prioritere dette dersom me ikkje fær ekstern finansiering. Arbeidet med dette heldt fram i komande årsmøteperiode.

SKUP vil rette ein stor takk til Stavanger Aftenblad som finansierte trykking av avisa.

Mottaksstasjon

For å styrke kvalitetssikringa av presentasjonar og videoar under konferansen, vart det i 2011 forsøkt med ein eigen teknisk mottaksstasjon for føredragshaldarane. Ordninga letta presset på teknikarane i Oseberg og vert difor utvida i 2012.

SKUP og IJ sin graveskule

Graveskulen vart som vanleg gjennomført i samarbeid med Institutt for Journalistikk. André Verløy og Ståle de Lange Kofoed sto for gjennomføringa og drift av skulen. 37 journalistar deltok. Det er ein god vekst frå 2010, men noko lågare enn åra før. Tilbakemeldingane frå deltakarane er framleis gode. Graveskulen fulgte i store trekk den same malen frå tidlegare, med datakurs, digital research, postjournalar og sosiale medium. Fjorårets graveskule drog også nytte av utanlandske førelesarar som var invitert til konferansen og som i

tillegg underviste på graveskulen.

Institutt for Journalistikk har i fleire år gått med underskot etter gjennomføringa av graveskulen. Det er no inngått ein ny avtale mellom IJ og SKUP som sikrar at skulene ikkje vert underskotsprosjekt for IJ. Med dagens deltakartal vil dette føre til noko lågare inntekter for SKUP. IJ og SKUP vil saman sjå på skulekonseptet for 2013.

SKUP sin arbeidsleiarskule

Arbeidsleiarskulen var gjennomført på føremiddagen før konferansestart fredag. Frilansar Kjetil Stormark og IJ-leiar Frode Rekve hadde ansvaret for gjennomføringa. Det var 11 deltakarar på skulen. Dei var gjennomgåande nøgde, men sakna nok omeir tid til diskusjonar og debatt. Ein vurderer no å auke arbeidsleiarskulen til to kursdagar.

SKUP og Tore Sandberg sitt graveteam

SKUP-styret vedtok i 2010 å slå saman Tore Sandberg sitt gravestipend og SKUP sitt graveteam. Erfaringa frå dei siste åra syner at det er mykje større interesse og behov for auka kunnskap, enn reine pengar. Styret meiner difor at graveteamet er den beste måten å utnytte dei ressursane SKUP disponerer til dette føremålet.

Det kom inn 13 søknadar til graveteamet. Etter at sekretariatsleiar aleine hadde gått gjennom søknadene for å vurdere evt habilitetsproblem i styret, vart det sett ned eit internt utval i styret. Utvalet innstilte på å gje graveteamet Østlands-Posten i Larvik, og styret vedtok dette.

Teamet besto, som tidlegare, av André Verløy, Bjørn Olav Jahr og Jens M. Johansson. Østlands-Posten endte opp med ein svært omfattande artikkelserie om lokaldemokratiet i Larvik. Det vart mellom anna avslørt at ordføraren disponerte ein konto som han nytta til å dele ut midlar til dei han sjølv meinte fortente det. Kontoen var unnanteke innsyn og demokratisk kontroll.

Resultatet av graveteamets bistand vart lagt fram på konferansen i 2011. Østlands-Posten sin nyheitsredaktør og journalisten som arbeidde saman med teamet hausta også stor begeistring på gravekonferansen til SKUP sin danske søsterorganisasjon.

Nordisk Journalistcenter har fatta interesse for graveteam-konseptet og vurderar no å etablere ei tilsvarande ordning på nordisk nivå.

I samband med gjennomføringa av årets graveteamarbeid er det sett i verk eit arbeid med å lage ei dreiebok for korleis teamet jobbar. Dette for å sikre

kontinuitet når medlem av graveteamet vert skifta ut.

Lokalisering 2013

I 2011 fekk ei arbeidsgruppe i styret under leing av Grete Holstad ansvar for å utgreie mogelegheitene for og konsekvensane av ei eventuell flytting av konferansen i 2013. Fleirtalet (9-6) i styret stemte mot arbeidsgruppa sitt framlegg om å flytte konferansen til Trondheim, og for å behalde konferansen i Tønsberg også i 2013 ut frå omsyn til logistikk, økonomi og frykt for lågare deltakartal.

Retningsliner for klage på prisar og diplom

Gjennom åra har SKUP motteke ei klage på eit tidlegare tildelt SKUP-diplom. SKUP har aldri hatt formelle retningsliner for kven som handsamar ei slik klage - og korleis. I fjor haust vart det difor sett ned ei arbeidsgruppe som skulle lage utkast til nye retningsliner. Dette arbeidet er fullført i år. Retningslinene er kvalitetssikra gjennom dialog med NJ-jurist Ina Lindahl og juryleiar Tor Woje.

Revidering av statuttene for SKUP-prisen

Etter konferansen i fjor ba SKUP-styret SKUPs Råd om å gå gjennom statuttane for SKUP-prisen. Rådet har vurdert det slik at eventuelle endringar i statuttane må godkjennast av årsmøtet. Styret legg difor fram eit framlegg for årsmøtet 2012 om å sette ned eit utval som skal vurdere endringar i statuttane. Eventuelle framlegg til endringar vert lagt fram for årsmøtet i 2013.

SKUP-kompendium

Mykje av SKUP sine arbeidsrutinar fram mot konferansen har blitt vidareformidla munnleg til nye styremedlem. Det gjer at mykje informasjon kan bli gløymt. Styreleiar ferdigstilte i 2011 eit kompendium som gjev ei innføring i konferansearbeidet steg for steg, med naudsynte kontraktar, brev og telefonlister som bilag. Alle nye styremedlem fekk utdelt ein perm med kompendiumet på sitt fyrste styremøte og ein minnepinne med dei same dokumenta.

Digitalisering og arkiv

SKUP har eit stort materiale i form av metoderapportar. Pr i dag er det publisert metoderapportar attende til 2004 på skup.no. I 2011 vart arbeidet med å digitalisere dei eldre rapportane ferdig. Desse vil bli publisert på SKUP sin nettstad i nær framtid.

Media, marknadsføring og samarbeid

Media

SKUP har vore synleg i mediene mange gonger dette året. I forkant av konferansen i 2011 var det mellom anna oppslag i blant anna Vårt Land og Dagbladet om Avital Leibovich si deltaking på konferansen. Deltakinga skapte reaksjonar frå blant andre Palestinakomiteen, som gjennomførte ein fredeleg demonstrasjon på utsida av hotellet.

I forkant av konferansen 2011 drog fagbladet Journalisten opp ein debatt om SKUP-prisen. Åge Winge frå Adresseavisa tok til orde for å innføre ein eigen SKUP-pris for storytelling. Dette vart fulgt opp med framlegg frå tidlegare prisvinnar Eskil Engdal i Dagens Næringsliv om å leggje ned SKUP-prisen og innføre ein norsk pris etter modell av Pulitzer-prisen. Kjetil Østli og styremedlem Bjørn Olav Nordahl støtta til dels framlegga. SKUP-styret vart ikkje intervjuet i sakene. Seinare publiserte Journalisten ei eiga sak der temaet var om styreleiar burde hatt tilsvar.

Saka som skapte mest merksemd om SKUP nasjonalt og internasjonalt, var dei detaljerte planane om å angripe SKUP-konferansen som Anders Behring Breivik skisserte i sitt skriv. Skup.no omtala saka. I dagane etter vart saka plukka opp av fleire internasjonale medium. Omtala dukka opp att i november, då Breivik hadde omtalt planane sine i avhør.

I oktober, etter at styret hadde stemt over lokalisering og stemmerett for det sist innvalte styremedlemet, trekte Grete Holstad og Bjørn Olav Nordahl seg frå styret. Saka vart slått stort opp i Journalisten, der dei to kritiserte SKUP-leiinga.

I januar bad Andreas Skartveit i eit opent brev til Skup-juryen i Journalisten om at Skup tek attende diplomtet som Robert Gjerde fekk for dekninga av Bærum-saka. Gjerde svara på brevet i ein lesarkommentar på journalisten.no

Marknadsføring

Konferansen vart annonsert i Journalisten, på SKUP sine nettsider, Facebook, Twitter og gjennom Normedia-lista. SKUP har også for fyrste gong annonsert etter redaksjonsmedlem til Siste SKUP i Journalisten. Me har også lyst ut SKUP og Tore Sandbergs Graveteam.

Sekretariatsleiar og styreleiar gjennom året lagt ut linkar og kommentarar på Facebook og Twitter for å auke merksemda kring SKUP elles i året. Dei gode besøkstala på nettsidene våre syner at aktiv bruk av sosiale medium er ein viktig og rimeleg måte å auke trafikken på nettsidene på.

T-skjortesal

I samband med jubileumskonferansen 2010 designa SKUP/Arne Nøst ei t-skjorte. Disse vart trykt opp i nytt opplag før 2011-konferansen. T-skjortene er delt ut som gåver til førelesarar og lagt ut for sal på skup.no og på konferansen. SKUP har også designa ein eigen minnepinne som er til sals på nettet og på konferansen. Til konferansen 2012 vart MortenM invitert til å teikne T-skjorta.

Utvalsarbeid

Styremedlem Tarjei Leer-Salvesen har delteke i møte mellom presseorganisasjonane, DIFI og FAD i samband med kampen for bevaring av Elektronisk Postjournal. Pressa vann fram med sine argument om kor viktig det er å bevare data frå dei gamle postlistene.

SKUP har også vore invitert med som høyringspartner i samband med politiregisterforskrifta.

Regionale konferansar

SKUP-styret har vore representert på Hellkonferansen og Gull og Gråstein. Sekretariatsleiar deltok i desember på eit samordningsmøte mellom dei regionale konferansane, Nordiske Mediedager og SKUP. Møtet vart arrangert i regi av Norsk Journalistlag. Styreleiar i SKUP og leiaren for Nordiske Mediedagar utveksla i 2011 konferansepass for fyrste gong.

Internasjonale møte

SKUP-styret var vertskap for møte i det nordiske gravenettverket under konferansen i 2011. Der deltok representantar for systerorganisasjonane i Sverige, Danmark, Finland og Island. Den islandske organisasjonen er under oppbygning og SKUP har støtta dei praktisk og økonomisk i dette arbeidet. Dei planlegg sin fyrste minikonferanse våren 2011.

Styreleiar Heidi Molstad Andresen og nestleiar Jan Gunnar Furuly deltok på IRE-konferansen i Orlando i USA i juni. Ina Gundersen deltok også på konferansen med støtte frå NJs reisestipend.

Furuly, sekretariatsleiar Jens Egil Heftøy og Molstad Andresen deltok på den internasjonale konferansen i Kiev i oktober. Furuly og Molstad Andresen vart der valt inn som medlem i utvalet som skal vurdere opprettinga av eit permanent sekretariat for det internasjonale gravenettverket. Både Furuly og Molstad Andresen deltok som seminaransvarlege og programleiarar på konferansen. SKUP-styret støtta den internasjonale konferansen med 20.000 kroner til reisestøtte for journalistar frå den tredje verda.

Sekretariatsleiar Jens Egil Heftøy og styremedlemma Jens Christian Nørve og

Ina Gundersen representerte SKUP på den danske gravekonferansen i november. Gundersen reiste på Stavanger Aftenblad si rekning. Heftøy deltok i ein paneldiskusjon om undersøkjande journalistikk i Norden og hausta stor interesse for konseptet rundt graveteamet. Nørve heldt føredrag om Ambassadesaken, saman med kollega Asbjørn Olsen.

Jan Gunnar Furuly har overteke styrevervet i det europeiske gravenettverket The European Fund for Investigative Journalism (EFIJ) etter Molstad Andresen. Furuly har også delteke på Data Harvest-konferansen i Brussel på Aftenposten si rekning

Økonomi

Rekneskapen syner eit overskot på 69.466 kroner for 2011. Det er ein oppgang på kr 14.274 frå 2010. Gjennom året er det gjort innkjøp av t-skjorter og minnepinnar. Det overskytande er inntektsført som egedelar til innkjøpspris, i tråd med god regnskapsskikk.

Med tanke på rekorddeltakinga i fjor, kan overskotet framstå beskjedent. Det heng saman med innkjøp av nemnte minnepinnar og t-skjorter, og auka reiseverksemd til utanlandske konferansar og støtta til internasjonalt samarbeid har vore høgare enn budsjettet.

Ved inngangen til 2012 var eigenkapitalen på 881.858 kroner, mot 812.392 kroner ved siste årsskifte. Med dagens eigenkapital er SKUP rusta for å gjennomføre minst ein konferanse med lågt deltakartal. Det meiner styret er tilfredsstillande og i tråd med signala frå tidlegare årsmøte og andre samarbeidspartnarar.

Dei totale inntektene i 2011 var 2.078.605, medan utgiftene var 2.031.480. Størstedelen av kostnadene er knytt til gjennomføring av konferansen, drift og løn til sekretariatsleiar.

Teknisk gjennomføring er den største økonomiske einskildposten samband med konferanseavviklinga. Selskapet Cue AS har dei siste åra vore SKUP sin faste leverandør av tekniske konferansetenester. I 2011 har sekretariatsleiaren henta inn tilbud frå andre leverandørar i marknaden. Tilboda me fekk frå andre leverandørar ligg langt høgare i pris enn Cue AS. Det er med det ingenting å tene ved å bytte teknisk leverandør.

SKUP hadde i 2011 558564 kroner i løns- og personalkostnader, mot 539.591 i 2010. Sekretariatsleiar har ei årsløn på 435.000 kroner. I tillegg kjem pensjonssparing på 16.540 kroner og dekking av elektronisk kommunikasjon på

inntil 14.000 kroner. Med verknad frå 2012 blir årsløna justert tilsvarande lønsoppgjeret mellom NJ og MBL.

Deltakaravgifta i 2011 var sett til 2.500 kroner. Avgifta blir uendra i 2012. Det er eit mål for styret å halde kostnadene for deltaking på konferansen så lag som mogeleg. I 2010 gjekk SKUP inn på ein uforpliktande intensjonsavtale med hotellet i Tønsberg. Avtala garanterar at prisen ikkje aukar med meir enn 3,5 prosent kvart år. I 2010, 2011 og 2012 har prisen vore uendra

På årsmøtet 2011 uttrykte kontrollkomiteen ei bekymring for årsmøtet sin tilgang til kontroll, ettersom budsjettet for inneverande år blir lagt fram når konferansen startar opp. SKUP vil juridisk kunne innføre eit avvikande rekneskapsår etter rekneskapslova, men dette vil bety at ein må flytte tidspunktet for årsmøtet. Styret fremmar difor i staden framlegg om at styret i framtida skal legge fram budsjett for både inneverande og komande år på eit og same årsmøte.

SKUP sine viktigaste økonomiske bidragsytarar er Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening og Stiftelsen Fritt Ord. Utan den mangeårige støtta frå desse ville konferansen vore umogeleg å gjennomføre.

Utgiftene til SKUP og Tore Sandbergs graveteam blir finansiert av NRK, TV 2, Schibsted, Edda Media, Media Norge, A-Pressen, Fagpressen, MBL, LLA og IJ i fellesskap. Den økonomiske ramma for graveteamet er inntil 120.000 kroner, og midlane blir innvilga etter oppsett budsjett for kvart einskild prosjekt.

SKUP er heilt avhengig av det store engasjementet og dugnadsarbeidet knytt til SKUP. Det er avgjerande at redaksjonane også i framtida sender sine medarbeidarar på konferansen, og at styremedlem får rom til å jobbe med konferansen. Stiftinga er avhengig av å kompensere auka faste utgifter med auka inntekter. Jubileumsåret 2010 gav eit kraftig lyft i annonseinntektene. Dette er redusert i 2011, men ligg framleis høgare enn tidligare år. Det er for 2012 også gjort et arbeid for å auke sponsorinntektene, blant anna gjennom ei ny avtale med Retriever.

Rekneskapen blir lagt fram under føresetnad om vidare drift.

Føremålet med stiftinga er å inspirere til undersøkende journalistikk. I høve til SKUP sine vedtekter gjer ein dette ved å

** sjå til at det minst ein gang i året vert arrangert eit landsomfattande seminar om undersøkende journalistikk*

** bidra til at det beste undersøkende journalistprosjektet blir premiert kvart år*

** fremme samarbeid mellom journalistar i Noreg og internasjonalt».*

Oslo, 1. mars 2012

Styret i Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse (SKUP)

Heidi Molstad Andresen
(Styreleiar)

Odd Isungset
(Styremedlem)

Jan Gunnar Furuly
(Nestleiar)

Christina Pletten
(Styremedlem)

Gøril Engesvik
(Styremedlem)

Tarjei Leer-Salvesen
(Styremedlem)

Ina Gundersen
(Styremedlem)

Ola Haram
(Styremedlem)

Jens Christian Nørve
(Styremedlem)

Maren Sæbø
(Styremedlem)

Anette Musdalslien
(Styremedlem)

Eirik Veum
(Styremedlem)

Marit Higræff
(Styremedlem)

Lillian Vambheim
(Styremedlem)

Merete Crowo
(Styremedlem)